

Høyringsinnspel frå Sygnir AS – Differensiering av industritariffen og nytt kapasitetsledd


Samandrag

Me ber Statnett om:

- Å revurdere innføringa av eit kapasitetsledd for nettselskap. Dette vil redusere blant anna insentiva til å samlokalisere forbruk og produksjon i Noreg.
- Me støtter forsøket om å gje insentiv til å ta ned toppplasttimane, noko som er særskilt viktig for alle nettselskap, men me trur ikkje innføringa av eit kapasitetsledd vil gje insentiv til kundane til eit nettselskapet om å redusere sine toppplastimar.
- Me støtter reduksjonen frå 50% til 25% om kapasitetsledd blir innført.
- For å sikre auka verdi av samlokalisering så bør det vurderast å setta avgrensinga til 25% av fastledd når k-faktor blir tatt omsyn til.

Reduksjon av insentiva til balansering av kraftnettet

Noreg har i dag eit kraftsystem kor det til dømes i Sør-Noreg er eit stort kraftoverskot i indre delar av Vestlandet og Innlandet, og kor denne krafta per i dag må transporterast til kystområda og Indre Oslofjordregionen. Dette fordrar mykje transmisjonsnett for å balansere forbruk og produksjon.



Grov oversikt over kraftbalansen i Sør-Noreg (TWh)

Statnett bør difor ikkje redusera insentiva til å leggje forbruk dit kor kraftoverskotet ligg. Eit meir geografisk balansert kraftsystem vil føre til mindre behov for nettanlegg total sett, mindre nettap, lågare miljøkonsekvensar og lågare total nettleige.

Sygnir er difor skeptisk til innføringa av eit kapasitetsledd som reduserer verdien av samlokalisering av produksjon og forbruk, gjennom ei utvatning av k-faktoren.

Kapasitetsleddet

Reduksjon frå 50% til 25%

Om eit kapasitetsledd blir innført, så er det positivt at storleiken på kapasitetsleddet reduserast til 25%, i forhold til høyringa i 2025 kor forslaget var omtrent 50%. Vidare er det ein risiko at denne kan aukast over tid som me ikkje har innsikt i per no.

Vanskeleg å vidareføre kapasitetsleddet til nettkundar

Kapasitetsleddet, slik Statnett skildrer det, er vanskeleg å agere etter. Når ein nytter eigen topplast inntil 4 år tilbake i tid tek det lang tid før endringar i forbruk får effekt på tariffen. Ein får også ei uheldig effekt ved at unormale driftssituasjonar som fører til høgre forbruk enn vanleg vil følgje med som ein del av avrekningsgrunnlaget i 4 år.

Statnett må syte for å lage gode tekniske løysingar for oppfølging av tariff. Regionale nettselskap med underliggande distribusjonsnettselskap må ha moglegheit for å enkelt kunne vidareformidle data som er relevante. Om det skal vere mogleg for nettselskapa å varsle om driftssituasjonar som skapar unormalt høgt forbruk må desse løysingane byggast inn i Statnett si tekniske løysing, anten ei vidareutvikling av eksisterande NettWeb eller ny løysing.

Avgrensing inkludert k-faktor

For å sikre at verdien av samlokalisering av forbruk og produksjon ikkje vert utvatna, uavhengig av om produksjonen er plassert bak målepunktet til nettselskapet eller ikkje, bør det vurderast at også kapasitetsleddet blir justert for k-faktor.

Sygnir stiller gjerne i eit møte for å klargjere våre synspunkt ytterlegare om ynskjeleg.

Venleg helsing,

Bjørn Carlsen, dagleg leiar
- Sygnir AS -



Telefon direkte: 93052452

E-post: bjorn.carlsen@sygnir.no

Sentralbord: 57 69 86 03

Sygnir.no / post@sygnir.no